



Noregs  
vassdrags- og  
energidirektorat

Adresseliste

Vår dato: **17 AUG 2011**  
Vår ref.: 201100983-9 ki/frgm  
Arkiv: 313 / 086.2Z  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Fredrik Glenne Myhre  
22 95 93 27

## **Steinvik Fiskefarm AS – Søknad om løyve til regulering og uttak av vatn frå Risevatnet til settefiskanlegg i Bremanger kommune i Sogn og Fjordane – høyring**

NVE har motteke ein søknad frå Steinvik Fiskefarm AS om løyve til å ta ut vatn frå Risevatnet til eit settefiskanlegg ved Svelgen i Bremanger kommune. Søknaden omfattar også ei regulering av Risevatnet.

Risevassdraget er lokalisert ved Svelgen i Bremanger kommune. Vassdragets nedbørfelt er angitt å opphavlig være 32,3 km<sup>2</sup>, men 18,4 km<sup>2</sup> er i dag overført til kraftstasjonen Svelgen IV. Tiltaket medfører eit vassuttak frå Risevatnet til ein årleg produksjon av 4 millionar settefisk av laksefisk. Det er berekna eit maksimalt forbruk av ferskvatn på ca. 36 m<sup>3</sup>/min. Søknaden omfattar også ei regulering av Risevatnet mellom LRV på kote 24,35 og HRV på kote 25,70. Vassleidningen frå Risevatnet til settefiskanlegget ved sjøen vil ha ein lengde på 800 meter, der 360 meter av denne bores i fjell og resten leggjast i grøft på dyrka mark. Det leggjast opp til slepp av minstevassføring lik 5-percentilen for vassføringa i vassdraget.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Steinvik Fiskefarm AS på tlf. 954 08 040 eller e-post: [olaug@steinvik.no](mailto:olaug@steinvik.no).

NVE ber Bremanger kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Rådhuset i Svelgen fram til **01.10.2011**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan **01.10.2011**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



Fråsegrner eller delar av fråsegrna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegrna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

for Øystein Grundt  
seksjonssjef

Fredrik Glenne Myhre  
avdelingsingeniør

Vedlegg: 4      Søknad til kommunen  
Kunngjeringstekst  
Informasjonsark om sakshandsaming  
Adresseliste

**Adresseliste for:** Bygging av Steinvik Fiskefarm i Bremanger kommune

**Handsamast etter:** Vassressurslova

**Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i:** Firdaposten og Fjordenes Tidende

| Tal på søknadar | Namn/adresse                                                                        |
|-----------------|-------------------------------------------------------------------------------------|
| 4               | Bremanger kommune, Postboks 104, 6721 SVELGEN                                       |
|                 | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Statens hus, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER          |
|                 | Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Fylkeshuset, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER            |
|                 | FNF i Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 LEIKANGER                          |
|                 | Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, v/ Lin Hjelmeland, Bjørnadikje 3, 6800 FØRDE |
|                 | NJFF – Sogn og Fjordane, Rygg, 6823 SANDANE                                         |
|                 | Sogn og Fjordane Turlag, Postboks 10, 6801 FØRDE                                    |
|                 | Mattilsynet, Hordaland og Sogn og Fjordane, Postboks 383, 2381 BRUMUNDDAL           |
|                 | Bondelaget, Sogn og Fjordane, Hafstadvegen 39, 6801 FØRDE                           |
|                 | Steinvik Fiskefarm AS, 6940 EIKEFJORD                                               |
|                 |                                                                                     |
|                 |                                                                                     |
| 1               | KM - Ivar Sægrov                                                                    |
| 1               | KD - Oddvar Indrebø                                                                 |
| 1               | ER - Seming Skau                                                                    |

## **- KUNNGJERING -**

### **Steinvik Fiskefarm AS – Søknad om løyve til regulering og uttak av vatn frå Risevatnet til settefiskanlegg i Risevassdraget i Bremanger kommune**

NVE har motteke ein søknad frå Steinvik Fiskefarm AS om løyve til regulering og uttak frå Risevatnet til settefiskanlegg i Bremanger kommune.

Det søkjast om regulering av Risevatnet med LRV på kote 24,35 og HRV på kote 25,70. Maksimalt forbruk av ferskvatn er berekna til 36 m<sup>3</sup>/min. Det planleggjas slipp av minstevassføring lik 5-percentilene for vassdraget i sommar- og vinterhalvåret. Vassleidningen frå Risevatnet til settefiskanlegget ved sjøen vil ha ein lengde på 800 meter. 360 meter av denne bores i fjell mens resten leggjas i grøft på dyrka mark. Det vil ikkje vere behov for bygging av nye veier.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på Rådhuset i Svelgen og på NVE sine nettsider [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Steinvik Fiskefarm AS på tlf.: 954 08 040 eller e-post: [olaug@steinvik.no](mailto:olaug@steinvik.no).

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan **01.10.2011**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.



## Orientering til høyringspartane

### Generelt

NVE har heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av småkraftverk (inntil 10 MW), og andre vassdragstiltak. Løyve til større kraftutbyggingar blir gjevne av Kongen i statsråd.

Frå 1. januar 2010 har fylkeskommunen heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av kraftverk med installert effekt inntil 1 MW. Dette gjeld m.a. ikkje saker i verna vassdrag.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gje løyve etter § 8 i vassressurslova.

### Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE sender informasjon om høyringa til kommunar, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK), statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst 6 veker. Saka vert kunngjort i minst ei avis i distriktet og kommunen legg søknaden ut til offentleg gjennomsyn, ev. utlån. Søknaden vert òg lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) med tilgang til å sende inn fråsegn elektronisk.

Søkjjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring i området.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang, jf. vassressurslova § 25. Søknaden og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering.

Dersom NVE gjev løyve, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte byggjefristar, vasslepping, naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Om det er søkt løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk/ høgspent overføringsanlegg, vil NVE gje naudsynt energikonsesjon samstundes med løyve til bygging av kraftverket. Dei fleste høgspentanlegg med linjer kan byggast innanfor lokal netteigar sin områdekonsesjon.

### Kva vert forventa av høyringsinstansane?

Kommunen bør gje grunngevne synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ. Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser (t.d. landskap, friluftsliv, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa. NVE ønskjer forslag til vilkår eller avbøtande tiltak som kan redusere ev. skader ved gjennomføring av planane. NVE ventar at kommunen omtalar tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar.

FM bør leggje vekt på tilhøva omkring miljø, medrekna fisk og biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgevinga.

FK bør leggje vekt på kulturminne og friluftsliv som er særlege ansvarsområde. Det skal gjerast greie for tiltaket sin status og mogeleg konfliktnivå i fylkesdelplan for småkraftverk, om det er utarbeidd ein slik plan.

### Motsegn og klagerett

I ny plan- og bygningslov er tilhøvet mellom konsesjonshandsaming og handsaming av planar for energianlegg endra for å sikre ei meir effektiv sakshandsaming. Det er ikkje krav om reguleringsplan. For å ta hand om retten til å fremja motsegn som kommunar og statlege fagetatar har hatt til reguleringsplanar, er det teke inn reglar i energi- og vassdragslovgevinga om motsegn og klagerett. NVE understrekar at ei ev. motsegn må fremjast i høyringsperioden. NVE syner til våre nettsider for meir informasjon:

[www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker).